

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Gjerde skule
Møtedato: 22.09.2005 **Tid:** 17.00 – 21.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21, inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje

Inge Aasgaard

I staden møtte

Ivar Berland

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef, ass.adm.sjef, leiar av teknisk eining, avd. ingeniør Knut Steinsland.

Barnehagekonsulent Anne Fredriksen og rektor ved Gjerde skule Marit Kulild møtte på synfaring og ved handsaming av sak 22/05.

Arkitekt Sørhus var til stades under synfaringa av tomtene til barnehage.

Merknader:

Før møtet starta var kommunestyret kalla saman til ein gjennomgang av tomtealternativa til barnehage. Tomtene vart synfart.

Elevar frå Gjerde skule saman med kulturskulerektor ga ein minikonsert for kommunestyret før møtet vart sett.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 26. september 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend som utsendt. Det vart gjort merksam på at sak om opplæringsplan var trekt.

Sture Tveit ga tilbakemelding om at han fekk sakspapira seint – tirsdag. Det vart orientert om at sakspapira gjekk ut frå kommunehuset torsdag.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Idar Reistad og Olaus Øystese og ordføraren vart valde til å skriva under møteprotokollen.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit etterlyste oppfølging av tidlegare vedtak om gjennomgang av organisasjonen.

Vedtaket var knytt opp til budsjetthandsaminga, og ting burde vera avklara før ny budsjetthandsaming.

Ordføraren viste til at Personal- og økonomiutvalet har fått fullmakt til å arbeida med dette spørsmålet som del av arbeidet med skriftdelen av kommuneplan. Dette arbeidet vart starta i vår med ei samling på Kvernes og fulgt opp i haust med førebels ei samling. Kommunestyret vil få rapport/sak om dette arbeidet til neste møte.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Det vart gitt informasjon om:

- Vedtak i PØ sak 30/05 om løyving av midlar til Nyutløtræ
- Oppfølging på spørsmål frå Brigte Olav Gåsdal om deling av eigedom på Liøen.
- Kommunen sitt arbeid med uttale om konsekvensutgreiing av Arnatunnelen.
- Framlegg til uttale ang. melding Statnett om ny kraftline Sima-Samnanger vert lagt fram i neste kommunestyremøte.
- Budsjettkontroll for september.
- Folkevaldopplæring vert gjennomført i samband med kommunestyremøte 27.10.05. Møtet startar kl 13.00.

Det vart gitt informasjon frå administrasjonssjefen om

- Gjennomført synfaring med BKK og fylkesmannen på tiltaka som er gjort i Samnangervassdraget som del av konsesjonsvilkåra for vassdraget. Tersklar er bygd, det er no plan om å setja ut yngel for å få vurdert verknaden av tiltaka på eit tidleg tidspunkt. BKK tek kontakt med grunneigarar og Jeger og fisk før vidare arbeid.
- Konsekvensar av store nedbørsmengdar på kommunale vegar. Det vart utført førebyggjande arbeid før dei store nedbørsmengdene, noko som ga resultat ved at det var få skadar på vegane. På vegen til Jarland og Haug har elva vore så stor at større steinar m.m. har vorte gravd ut. Det kan ved neste større flaum gjera at vegen vert øydelagd. Teknisk eining vurderar tiltak som bør gjerast, og kostnadsoverslaget så langt viser ei trong for ekstra løyving på kr 80.000. Det vert fremja eige sak om tilleggsløyving.

Frode Bjørnås og Audhild Aadland Olsnes frå ad hoc utvalet viste bilete og orienterte om arbeidet med flytting av Stolpane skulehus.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0022/05	05/00268 UTBYGGING GJERDE BARNEHAGE ALTERNATIV PLASSERING UTBYGGING MED ELLER UTAN FRAMTIDIG SKULE
0023/05	02/00400 SYMJEBASSENG VED SAMNANGER UNGDOMSSKULE FINANSIERING, DRØFTING AV ØKONOMIEN I PROSJEKTET
0024/05	05/00188 REGULERINGSPLAN GNR 34, BNR 45 I EIKEDALEN.
0025/05	04/00443 VEDTEKTER - KULTURPRIS.
0026/05	05/00178 REVISJON AV OPPLÆRINGSPLAN FOR TILSETTE I SAMNANGER KOMMUNE Saka var trekt
0027/05	03/00249 TILKOMST TIL KOMMUNAL VEG LØNNEBAKKEN - ENDRING AV REGULERINGSPLAN
0028/05	05/00082 RENOVASJONSFORSKRIFTER I BIR-KOMMUNANE. HØYRINGSUTTALE
0029/05	05/00236 BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD - STADFESTING AV STATUS SOM INTERKOMMUNAL SAMANSLUTNING.
0030/05	05/00302 FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV 2005 - 2007. THOMAS T MOSS
0031/05	05/00131 KOMMUNEREKNESKAPEN 2004. - STADFESTING OM AVSETTING AV MIDLAR

0022/05

**UTBYGGING GJERDE BARNEHAGE ALTERNATIV PLASSERING
UTBYGGING MED ELLER UTAN FRAMTIDIG SKULE**

Handsaming i møte:

Før møtet vart det gitt ei orientering av dei ulike alternativa. Det vart vidare synfaring på alle tomtene.

Etter drøftingar i kommunestyret vart møtet heva mellombels og gruppeleiarane sette seg saman for å vurdera eit felles framlegg.

Magda Haugen sette på vegne av **alle gruppeleiarane** fram slikt framlegg:

Kommunestyret ber administrasjonen arbeida vidare med tomtealternativ B i saksutgreiinga.

Administrasjonen må prioritera saka kva gjeld

- *Omregulera området*
- *Tingingar med grunneigarane om kjøp av eigedommane. (Tingingsutvalet med adm., ordførar og varaordførar)*
- *Utarbeida skisse m.o.t. bygningar og uteområde i samarbeid med arkitekten*
- *Vurdering både kva gjeld 2 avd. og 3 avdelingsbarnehage når det gjeld kostnader med drift og utbygging. Løysinga må gje rom for ein eventuell 4. avdeling.*
- *Kommunestyret føreset ei gunstig miljømessig løysing.*

Byggenemnd: Geir Markhus (utval for oppvekst og omsorg)

Anne Fredriksen (einingsleiar barnehage)

Hilde-Lill Våge (administrasjonen)

Knut Steinsland (teknisk eining) skal vera sekretær

Foreldrerepresentant (peika ut av SU – barnehage Gjerde)

Utval for oppvekst og omsorg vert styringsgruppa for prosjektet.

Bright Olav Gåsdal sette på vegne av **alle gruppeleiarane** fram slikt framlegg.

Kommunestyret ber om at det til neste møte vert fremja ei sak om å ta inn dei borna som står i barnehagekø. Føresetnaden er m.a. at kommunen får høve til å leiga lokale på Haga, og at desse lokala kan nyttast til barnehagedrift.

Kommunestyret gjekk samrøystes inn for begge framlegga.

Vedtak:

Kommunestyret ber administrasjonen arbeida vidare med tomtealternativ B i saksutgreiinga.

Administrasjonen må prioritera saka kva gjeld

- *Omregulera området*
- *Tingingar med grunneigarane om kjøp av eigedommane. (Tingingsutvalet med adm., ordførar og varaordførar)*
- *Utarbeida skisse m.o.t. bygningar og uteområde i samarbeid med arkitekten*
- *Vurdering både kva gjeld 2 avd. og 3 avdelingsbarnehage når det gjeld kostnader med drift og utbygging. Løysinga må gje rom for ein eventuell 4. avdeling.*
- *Kommunestyret føreset ei gunstig miljømessig løysing.*

*Byggjenemnd: Geir Markhus (utval for oppvekst og omsorg)
 Anne Fredriksen (einingsleiar barnehage)
 Hilde-Lill Våge (administrasjonen)
 Knut Steinsland (teknisk eining) skal vera sekretær
 Foreldrerepresentant (peika ut av SU – barnehage Gjerde)*
Utval for oppvekst og omsorg vert styringsgruppa for prosjektet.

Kommunestyret ber om at det til neste møte vert fremja ei sak om å ta inn dei borna som står i barnehagekø. Føresetnaden er m.a. at kommunen får høve til å leiga lokale på Haga, og at desse lokala kan nyttast til barnehagedrift.

0023/05

SYMJEBASSENG VED SAMNANGER UNGDOMSSKULE FINANSIERING, DRØFTING AV ØKONOMIEN I PROSJEKTET

Handsaming i møte:

Saka vart debattert. Arbeidarpartiet ba om gruppemøte, og møtet vart mellombels heva.

Arbeiderpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Anboda for rehabilitering av bassenget på ungdomsskulen vert godkjent. Meirkostnaden i høve til tidlegare vedtak (k-sak 15/05) vert dekkja ved opptak av eksternt lån.

Thomas T Moss sette på vegne av Krf. fram slikt framlegg:

Innkomne tilbud på rehabilitering av basseng på Samnanger ungdomsskule vert kansellerte. Samnanger kommune går evt. ut på nytt med same prosjekt seinare. Administrasjonen legg fram oppjusterte kalkylar for basseng ved Gjerde skule til kommunestyret i oktober. Det må då og sjåast meir på garderobeløysing i samband med gymsal ved denne skulen som vart teke opp som eit problem sist gong saka var oppe. Saka vert med dette teke opp på nytt.

Etter spørsmål frå Brigte Olav Gåsdaal vart møtet mellombels lukka i samband med drøfting av dei innkomne anboda. Før røysting vart møtet opna.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. Framlegget frå Arbeidarpartiet vart vedteke med 17 røyster. 4 røysta for framlegget frå Moss.

Vedtak:

Anboda for rehabilitering av bassenget på ungdomsskulen vert godkjent. Meirkostnaden i høve til tidlegare vedtak (k-sak 15/05) vert dekkja ved opptak av eksternt lån.

0024/05

REGULERINGSPLAN GNR 34, BNR 45 I EIKEDALEN.

Framlegg til vedtak::

Reguleringsplan m/ føresegner for gnr. 34, bnr. 45 i Eikedalen vert vedteken slik den ligg føre.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Reguleringsplan m/ føresegner for gnr. 34, bnr. 45 i Eikedalen vert vedteken slik den ligg føre.

0025/05

VEDTEKTER - KULTURPRIS.

Framlegg til vedtak::

Framlegget til nye vedtekter vert gjort gjeldande for tildeling av kulturprisen for Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Framlegget til nye vedtekter vert gjort gjeldande for tildeling av kulturprisen for Samnanger kommune.

RETNINGSLINER FOR SAMNANGER KOMMUNE SIN

KULTURPRIS

1. UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG KAN ANNANKVART ÅR DELA UT EIN KULTURPRIS TIL EINSKILDPERSONAR ELLER LAG/ ORGANISASJONAR I ELLER MED TILKNYTING TIL SAMNANGER KOMMUNE.
2. KULTURPRISEN VERT GJEVEN FOR SÆRLEG FORTENESTEFULL INNSATS FOR KULTURLIVET I KOMMUNEN ELLER FOR AKTIVT KULTURARBEID OVER

LENGRE TID. UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG SKAL LEGGJA EI VID TOLKING AV KULTUROMGREPET TIL GRUNN VED VURDERINGA AV EVENTUELLE KANDIDATAR.

3. UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG TEK AVGJERD OM KVEN SOM SKAL FÅ PRISEN OG KORLEIS HAN SKAL DELAST UT. MEDLEMMANE I UTVALET ER IKKJE BUNDNE AV INNKOMNE FRAMLEGG.
4. BERRE EIN KANDIDAT KAN FÅ PRISEN VED KVAR TILDELING.
5. PRISEN KAN IKKJE TILDELAST SAME PERSONEN / ORGANISASJONEN FLEIRE GONGER.
6. MELDING OM PRISEN OG OPPMODING OM Å KOMA MED FRAMLEGG TIL KANDIDATAR VERT LYST UT I SAMNINGEN INNAN 1. OKTOBER ANNANKVART ÅR. GRUNNGJEVNE, SKRIFTLEGE FRAMLEGG TIL KANDIDATAR SKAL SENDAST TIL SAMNANGER KOMMUNE INNAN 1. NOVEMBER.
7. DESSE RETNINGSLINENE ER VEDTEKNE I SAMNANGER KOMMUNESTYRE 22.09.2005.

0026/05

REVISJON AV OPPLÆRINGSPLAN FOR TILSETTE I SAMNANGER KOMMUNE

Framlegg til vedtak::

Det framlagte forslaget til opplæringsplan vert vedteke.

Handsaming i møte:

Saka var trekt frå saklista.

Vedtak:

0027/05

TILKOMST TIL KOMMUNAL VEG LØNNEBAKKEN - ENDRING AV REGULERINGSPLAN

Framlegg til vedtak::

Det vert starta arbeid med ei mindre vesentleg reguleringsendring for Lønnebakken. Frå kjørevege ved tomt 8 skal det regulerast inn gangveg der det vert tillete kjøring til eigedommane i samsvar med kart dgs.12.01.05. Med atterhald om at det ikkje kjem inn merknader frå varsla naboar, vert saka sendt kommunestyre for stadfesting av endra plan.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert starta arbeid med ei mindre vesentleg reguleringsendring for Lønnebakken. Frå kjørevege ved tomt 8 skal det regulerast inn gangveg der det vert tillete kjøring til eigedommane i samsvar med kart dgs.12.01.05. Med atterhald om at det ikkje kjem inn merknader frå varsla naboar, vert saka sendt kommunestyre for stadfesting av endra plan.

0028/05

RENOVASJONSFORSKRIFTER I BIR-KOMMUNANE. HØYRINGSUTTALE

Framlegg til vedtak::

Samnanger har ikkje merknadar til endringar av "Forskrift for håndtering av husholdningsavfall m.v" i BIR kommunane.

Handsaming i møte:

Jon Magne Bøgevik sette fram slikt framlegg til endring av :

§ 3 pkt. 5 I tvilstilfeller avgjør kommunen hva som er avfallsgebyrpliktige boliger og hytte m.v.

Det vart røysta alternativt over framlegget til Personal- og økonomiutvalet og framlegget frå Bøgevik. Bøgevik sitt framlegg vart vedteke med 19 røyster. 2 røysta for framlegget frå PØ.

Vedtak:

Samnanger kommune vedtek "Forskrift for håndtering av husholdningsavfall m.v." i BIR kommunane med fylgjande endring i § 3 pkt. 5

I tvilstilfeller avgjør kommunen hva som er avfallsgebyrpliktige boliger og hytte m.v.

0029/05

BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD - STADFESTING AV STATUS SOM INTERKOMMUNAL SAMANSLUTNING.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune stadfestar at Bergen og Omland Friluftsråd er eit interkommunalt sammenslutning i samsvar med § 27 i kommunelova med oppgåve å arbeida for sikring, tilrettelegging og drift av offentlege friområde for ålmenta.

Handsaming i møte:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune stadfestar at Bergen og Omland Friluftsråd er eit interkommunalt sammenslutning i samsvar med § 27 i kommunelova med oppgåve å arbeida for sikring, tilrettelegging og drift av offentlege friområde for ålmenta.

0030/05

FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV 2005 - 2007. THOMAS T MOSS

Handsaming i møte:

Thomas T Moss ba om å få verta fritaken frå handsaming av saka. Han gikk frå medan kommunestyret drøfta spørsmålet. Kommunestyret vedtok samrøystes at Moss var ugild ved handsaminga om fritak.

Krf v. Sigmund Dyrhovden sette fram slikt framlegg:

1. Søknad frå T. Moss vert imøtekomen.
2. Ivar Berland som no er 1. vararepresentant til kommunestyret blir fast medlem.
3. Inge Aasgaard blir fast medlem av oppvekst og omsorg.
4. I samarbeidsutvalet for Samnanger ungdomsskule blir Hjørdis Tysse medlem.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Søknad frå T. Moss vert imøtekomen.
2. Ivar Berland som no er 1. vararepresentant til kommunestyret blir fast medlem.
3. Inge Aasgaard blir fast medlem av oppvekst og omsorg.
4. I samarbeidsutvalet for Samnanger ungdomsskule blir Hjørdis Tysse medlem.

0031/05

KOMMUNEREKNESKAPEN 2004. - STADFESTING OM AVSETTING AV MIDLAR

Framlegg til vedtak::

I kommunerekneskapen er det avsett kr 30.000 på øyremerkja fond til psykiatrien. Dette er delar av øyremerkja statstilskot til psykiatrien for 2003.

Handsaming i møte:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I kommunerekneskapen er det avsett kr 30.000 på øyremerkja fond til psykiatrien. Dette er delar av øyremerkja statstilskot til psykiatrien for 2003.